



Byggmester Knut Henanger AS
Mjåtveitstø 33A
5918 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/8074 - 20/20516

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
22.04.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 305/25 og 305 Fløksand

Tiltak: dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel
Byggjestad: Gbnr: 305/25 og 305
Tiltakshavar: Rolf E. Andersen
Ansvarleg sækjar: Byggmester Knut Henanger AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.04.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Målsatt teikningar av tiltaket før og etter tilbygg skal sendast inn.
2. Opplysningar om tiltakets ytre rammer skal sendast inn med m.a. bruksareal, utnyttelsesgrad etc.
3. Kopi av godkjent dispensasjon frå vegmynde med omsyn til byggjegrense mot fylkesveg må sendast inn.
4. Naboar fikk ikkje tilsendt teikningar i nabovarsel, så tiltaket må nabovarslast på nytt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 23.05.20.

Dispensasjon frå planføremål LNF er ikkje naudsynt i denne saka, då eigedomen er satt av til LNF-spreidd hytte område ifølgje tabell 9.2 pkt.3.2.2 KDP for Meland.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rolf E. Andersen

Mottakarar:

Byggmester Knut Henanger AS

Mjåtveitstø 33A

5918

FREKHAUG